



Meland kommune

Tilleggsinnkalling
til
Formannskapet

Møtedato: 04.06.2014
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09:00

Eventuelle forfall må meldast til Randi Helene Hilland per tlf. 56171034, sms til eller per epost til randi.hilland@meland.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

| Saknr | Tittel |
|--------------|--|
| 50/2014 | Prioritering av områder - Søknad om tilskot til breibandsutbygging |

25. mai 2016

Nils Marton Aadland
møteleiar

Randi Helene Hilland
sekretær

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|------------------|----------|------------|
| Berit M.Eskeland | FA - N64 | 14/1656 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------|---------------|------|------------|
| 50/2014 | Formannskapet | PS | 04.06.2014 |

Prioritering av områder - Søknad om tilskot til breibandsutbygging

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Viser til FS-sak 36/2014 «Søknad om tilskot til breibandsutbygging – 2014».

Meland kommune har moglegheit til å søkje om tilskot til breibandsutbygging frå Post- og teletilsynet. Det er tilsaman satt av 160 millionar til tilskotsordninga. Føremålet er å sikre at det vert bygd ut godt breiband i heile Norge, også i områder der det ikkje er lønsamt å byggje ut. Nærare informasjon om tilskotsordninga er å finne i saksutredninga frå FS-sak 36/2014.

Vurdering

Kommunar som planlegg å søkje skal offentleggjere informasjon om kva for eit geografisk område den planlagde utbygginga gjeld. Interesserte partar skal få høve til å gi innspel til kommunen før søknaden vert levert. Kommunen lyste 16.05 ut høyring om utbygging av breibandsnettet på kommunen sine nettsider. Følgjande geografiske områder vart då prioritert av administrasjonen:

1. Rossland-Vikebø
2. Fløksand
3. Dalemarka
4. Beitingen

Bakgrunnen for prioriteringa var at dette var områder som i dag ikkje har tilfredsstillande breibandsdekning samtidig som det er områder med relativt mange bustader. Det er også svært lite sannsynlig at desse områda vil bli bygd ut kommersielt.

Frist for innspel var 3. juni, og innan fristen var det kome inn 22 innspel til kommunen:

| Dato | Avsender | Område | Grunngiving |
|-------|---|--|--|
| 19.05 | Ida Bruvik Hella | Rosslund, Rylandshøgda | Vikebø, Ikkje nok kapasitet på nåværande nett for alle |
| 21.05 | Stian Blom | Brakstad/Vestbygdvegen | Dårleg kapasitet på eksisterande nett |
| 22.05 | Berith Andersen | Tveit | Stort behov og nærleik til eksisterande infrastruktur |
| 22.05 | Eva Spjeld | Skurtveit | Svært viktig med utbygging når alle statlege tenester skal vere nettbasert |
| 27.05 | Trond Torvund | Holme-Tveit-Meland-Brakstad | Nærleik til eksisterande infrastruktur, men vil ikkje bli bygd ut utan støtte |
| 02.06 | Felles høyringsuttale frå bebuarar i Vestbygdvegen Melandsvegen Røysetvegen | Valde-Tveit-Røyset-Melandsvegen ned mot i: Holme | Dårleg kapasitet på eksisterande nett. Nettet er svært utsatt ved torevær. Ein er svært avhengig av god nettilgang i samband med arbeid, skule og i det private. |
| 02.06 | Nordre Austebygd Vel | Moldekleiv-Ådland | Vil ikkje vere aktuelt å byggje ut kommersielt. Svært dårleg dekning i dag. |
| 03.06 | Stig Møgster Kathrine S Brakstad | Beitingen | Sterkt ønske. Stor utbygging i området |
| 03.06 | Evelyn Wold | Roteviksveien | Dårleg eksisterande nett i dag |
| 03.06 | Ronald Lerøen | Rotevikshaugen | Viktig med fiber for å få akseptabel hastighet ved bruk av heimekontor |
| 03.06 | Fredrik Crowo Martika Brook | Rotevikshaugen/Beitingen | Sterkt ønske om utbygging av fiber. |

| | | | |
|-------|-----------------------|--------------------------|---|
| 03.06 | Pål-Fredrik Kaupang | Rotevikshaugen/Beitingen | Dårleg eksisterande nett |
| 03.06 | Kenneth Sætrevik | Beitingen | Dårleg eksisterende nett i dag. Behovet vil bare bli større |
| 03.06 | Stein Erik Ebbesvik | Beitingen/Rotevikshaugen | Dårleg eksisterande nett |
| 03.06 | Jan K | Beitingen/Rotevikshaugen | Dårleg eksisterande nett |
| 03.06 | Tormod Flaten | Beitingen | Dårleg eksisterande nett. Mange bustader |
| 03.06 | Kristian Heldal | Fosse | Dårleg eksisterande nett |
| 03.06 | Håvard Blom | Beitingen | Stor utbygging |
| 03.06 | Håvard Flatøy | Rotevikshaugen | Dårleg eksisterande nett |
| 03.06 | Ingrid Sætrevik | Beitingen | Dårleg eksisterande nett |
| 03.06 | Terje Sigurd Svendsen | Beitingen/Rotevikshaugen | Dårleg eksisterande nett. Utfordrande med heimekontor |
| 03.06 | Torbjørn Seim | Beitingen | Dårleg eksisterande nett. |

Basert på dei innspela kommunen har fått er det naturleg å utvide omfanget på dei områda som er foreslått. Rossland - Vikebø foreslås utvida med Skurtveit og Rylandshøgda. Utbygging av Fløksand vert utvida til Fløksand – Brakstad – Tveit – Melandsvegen ned til Holme. Dette inneberer at 5 desse av innspela tas til følgje. Eit innspel tas delvis til følgje, men Røyset er ikkje inkludert.

Når det gjeld innspelet om etablering av breiband frå Moldekleiv til Ådland, vurderer administrasjonen at dette er ein svært lang strekning som ikkje utløyser så mange abonnenter. Innspelet vert i denne omgang ikkje tatt inn på prioriteringslista. Innspelet om Fosse vert heller ikkje i denne omgang tatt til følgje. Administrasjonen vurderer at dette er eit område som kan ha større moglegheit for kommersiell utbygging.

Vi har også fått 14 merknader knytt til Beitingen. Administrasjonen tar desse til følgje, men vurderer at dei andre områda vert prioritert foran Beitingen. Årsaka er at dei andre områda utløyser fleire abonnenter.

Folkehelse
Ikkje aktuelt

Miljø
Ikkje aktuelt

Økonomi

Svært liten innverknad. Kommunen vil ikkje bruke eigne midlar på utbygginga ettersom tilskotet skal dekke kostnadene. Må likevel bruke noko interne personalressursar på prosjektet.

Konklusjon

Følgjande områder vurderer administrasjonen no at det er ønskjeleg å søke om tilskot til utbygging til:

1. Skurtveit - Rossland – Vikebø – Rylandshøgda
2. Fløksand – Brakstad – Tveit - Melandsvegen ned til Holme
3. Dalemarka
4. Beitingen

Framlegg til vedtak:

Meland kommune søker om tilskot til breibandsutbygging for følgjande prioriterte områder: 1.
Skurtveit - Rossland – Vikebø – Rylandshøgda 2.
Fløksand – Brakstad – Tveit – Melandsvegen ned til Holme
3. Dalemarka
4. Beitingen

, den 03.06.2014

Berit M.Eskeland
r dgjevar